

Eit kloster i Egypt

Litt frå ei pilegrimsreise av Ivar Husdal

*Eg trur på ein Gud Fader, den Allmektige
hans einborene son Jesus Kristus,
den livgivande Heilage Ande,
oppstoda av lekamen
og ei heilag allmenn og apostoliske kyrkja.
Amen*

Slik lyder truvedkjenninga i den koptiske kyrkja. Denne enkle truvedkjenninga førte til brot og isolasjon frå europeiske kyrkjesamfunn i 1500 år.

Til samanlikning har Den Norske Kyrkja tre truvedkjenningar: Den Apostolske, den Nikenske og den Athanasianske.

Kan du dei?



Denne artikkelen er skriva under tvil. Er mine opplevingar for overflatiske? Kan mitt inntrykk vera rett? Og kan eg kome til å bringe vidare opplysningar som kan bli misbrukt? På den andre side er det slik som Biskop Thomas sa til meg i Egypt sist haust: "Dialog og toleranse er vårt einaste håp for fred i verda. Og så må vi kunne snakke om emne som er tabu, både mellom kristne og med muslimar". Biskop Thomas var i Noreg sist år og mottok Stefanusprisen av biskop Kvarme fordi han står fremst i striden for kristne i Egypt. Han var og her i landet i haust. Han har lagt til rette for reiser frå Noreg til det kristne Egypt. Biskop Thomas har oppretta "Retreat Anafora" i Natron-dalen. Der kan ein bu nokre dagar og oppleve koptisk kristen meditasjon. Slike gruppeturar er som trygge turistreiser, men gir opplevingar utover det å sjå på pyramidar og farotempel. Det er noko alle kan bli med på.

Personleg innstilling

Du kan og prøve å fylgje meg i tankane til Egypt, til eit kloster du ikkje finn på kart eller i turist brosjyrar og heller ikkje på internett. Klosteret eg vil fortelja om er verna og halde i løynd av både kristne og muslimar. På ei kulturreise til Egypt i 1992 kom eg i forståing med ein fattig kristen kjøpmann. Du må reise til Mari Girgis, sa han. Eg spurde kristne guidar om vegen, hotellvert og taxisjåførar, alle sa at det ikkje var nokon turistplass. Eg fann vegen åleine og har vore der 3 gonger. No er eg alltid velkomen attende dit for å bu der i kortare eller lengre tid. Det er eit pilegrimsmål for minst 100.000 kristne og muslimar årleg. Egyptarane seier det kjem minst ei million årleg. Dette likar ikkje fundamentalistar, både kristne og muslimske. For å finne vegen åleine gjennom Egypt og fram til klosteret må ein ha med ein oppriktig vyrdnad for islam. På den andre sida må du vise med kristne symbol og høvisk tale at du er mellom dei som i Koranen blir kalla "Bok-folket". Då får du attende like stor respekt som du viser. Og i møte med fattige kristne: ta imot eit enkelt måltid med brød, vatn og bønner (brune bønner), men et berre litt. Og kjem du til eit kloster i fred for turistar, så står det ikkje Cola og hotellmat og ventar på deg. I klosteret er også over halvparten av dagane i året fastedagar. No seiar du som les dette: nei, vatn frå krana i Egypt må ein aldri drikka. Frå mine mange år som lærar i drift av vassverk kjenner eg fåresignal. Og for 50 år sidan var eg sjømann. Båten segla lokalt mellom land i Midtausten, og drikkevattnet ombord kom berre frå kranene på kaia. "Du er annleis", sa styraren på den største barneheimen i Egypt. "Her kjem det ofte folk frå Europa i store bilar som står og ventar, Arild Edvardsen var og her, og dei kan berre drikke ein kop te og smake på tørre kjeks, men du kjem berre gåande og kan ete og drikke det same som oss". Forklaringa mi kan eg ta frå St. Antonius, grunnleggjaren av det kristne klostervesenet, som sa: "**Du skal ikkje ha så høge tankar om deg sjølv, og så skal du passe din munn og din mage**". Det fyrste har eg fortalt om i møte med islam, det siste er å vera nøktern i matvegen som ein munk. Eg er redd for store måltider på luksushotell, med mat som ser god ut. Det er betre å vera litt svolten enn å ha vondt i magen. Eit sikkert egyptisk måltid for meg dei fyrste dagane på reisa er sur mjølk, sursylta grønnsaker, brød og ny-kokte/steikte vegetabiliske rettar. Og så mengder av egyptisk te. Etter kvart kan du smake på dei fleste egyptiske rettar. Og hugs at det smakar best det som du bør vise måtehald med.



Den Koptiske kyrkja

Pavekyrkja og den koptiske kyrkja sklide lag for 1500 år sidan grunna ulike formuleringar om Kristus som sann gud og menneske. Brotet var like absolutt som mellom den lutherske kyrkja og den katolske. Men kyrkjene er einige om Bibelen og tekstane som ligg til grunn for fortolkingar. I møte med Biskop Thomas sa han det slik: "Vi snakkar ulikt og kan peike på for eksempel ein stol og seie kvart vårt ord. Men lærer vi å forstå kvarandre så er vi einige om kva ein stol er. Og det er uvesentleg om den skal vera blå eller grå."

Egypt var sentralt i vår felles kyrkjesoge fram til 451 då brotet med Paven kom, 1000 år før Luther, og kyrkja i Egypt blei isolert. Kyrkjespråket er koptisk, det same som språk som faraoane brukte i gamle Egypt. Den koptiske kyrkja har opplevd og opplever no vanskelege tider, men det har aldri vore så ille som det til tider var for den katolske kyrkja i Noreg. Det første kristne kloster, St. Antonio, vart oppretta omkring år 300. Det kloster har berre ein gong gjennom historia vore erobra/røva. Når eg får med meg eit anbefalings-brev, vil eg reise dit og. På det meste var det over 400 kloster i Egypt; no er det vel 40 att. Samanlikna med Noreg som på det meste berre hadde 27. Men her i landet blei alle gamle kloster røva og stengde.


Pilegrimsreiser

Egypt er det omkring 50 kyrkjer og kloster som er pilegrimsmål for koptiske familiar. Målet med pilgrimreisa er å søke velsigning og lekedom og å gi almisser. Kvar familie har si kyrkja eller kloster dei har tilknytning til. Helst vil dei reise når heilagstaden har "Moulid", eit arabisk ord for bursdag. Kvar stad har sin dato, ofte er det ei heil veke. Mange pilegrimsmål er knytt til reiseruta for "Den heilage Familie". Denne reiseruta kan du lese om i "Julekveld i kyrkjelyden 2004". Om det i Egypt er 5 millionar aktive kristne, så er det i snitt 100.000 besøkande for kvart pilegrimsmål. Ofte har dei med telt og er ei heil veke ved heilagstaden. To gonger har eg vore i Mari Girgis i høgtidsveka og set minst 1000 telt, ned til dei små og enkle for fattigfolk. I Noreg kan ein samanlikne det med "Sarons dal" og stemning og tradisjonar der. Familien på bilete i teltet er den same som 12 år tidligare hjelpte meg på vegen. Det gjekk då slik til: Eg ville til ein ukjent plass, "Mari Girgis" Ein prest rådde meg å gå til ein haldeplass og vente der. På haldeplassen blei eg omringa av skrålande souvenir seljare. Eg sa berre "Mari.Girgis" og då blei det heilt stilt og eg blei tilbode ein stol å sitja på. Så såg eg ein storfamilie kome i ein stemning som 17. mai og julaftan samanlagt. Eg gjekk familiefaren i møte og sa "Mari Girgis", og snart sat eg i ein overfylt minibuss med barn gå fanget.



Muslimar på besøk i kloster

Egypt var eit heilt kristent land i 500 år, men på dei neste 1200 år voks islam langsamt opp til 90 % av befolkninga. Dette mest på grunn av maktthavar som gav og framleis gjev muslimar og islam alltid forrang. Men i folkedjupet lever vona om den velsigning dei berre kan få i klostra. Bibelen og Koranen inneheld fleire like element og Islam sin nest største profet, Jesus, er for muslimar nærverande i klostra. Spesielt viktig er det at borna blir velsigna der. Velsigninga blir framført på eit gammalt språk som ingen imamar forstår. Eg åleine og på høvelig avstand, kunne ikkje sjå om det var i kristne eller muslimske familiar som prestane la hendene på hovudet til borna og velsigna. Islam er ein mangfaldig religion og der er det godtatt at muslimar vitjar kloster for velsigning.



Magdalena og Judas. For meg som meinte og meinar at "Da Vinci koden" er bortkasta spekulasjonar, kom dette gamle bildet over altret ei eit bortgøymt kloster, i ei konservativ kyrkje, som eit sjokk.

Kristne tradisjonar

Den koptiske kyrkja har også med seg tusenårige tradisjonar utover det som står i Bibelen. Dei er ikkje med i liturgi og teologi. For eksempel er det i Noreg no skrive om Judas-evangeliet som vart funne i Egypt. Frå før er det der funne fragment av mellom anna Thomas- og Maria-evangelia. Eingong var dette levande tradisjonar som blei nedskrivne. Det kan vera eit svakt ekko av dette vi ser på utsnitt av bilete av nattverden i kloster Mari Girgis: Der ser ein Maria Magdalena på høgre sida av Jesus. Ho blir tilsnakka av Peter, men Maria Magdalena har blikket festa på Judas si hand, den som prøver å nå handa til Jesus. Biletet er ein Leonardo Da Vinci kopi, men kunstnaren har endra biletet til å vise dei sterke spenningane mellom Peter, Maria

Dåpen

I dei fleste av dei gamle og lite endra kyrkjesamfunna er dåpen den viktigaste seremonien i familielivet. Våre heimlege dåpsseremoniar er som eit svakt ekko. Dåpen har ein liturgisk del og ein tradisjonsdel, men for familiarne er det ikkje noko klart skilje her. Eg har ikkje noko klar oversikt, men presten må ha 3 typar olje for dåpen og han forrettar mellom anna dette: Syndeforlating for mora. Fornekting av djevelen. Innviing av dåpsvatnet. Trusvedkjenninga. Dåp med 3 gonger heil neddykking. Salving og korsmerking med Myrraolje. Påkleding av barnet med kvite og raude kler. Rett uttapping av dåpsvatn.

Andre viktige deler av seremoniane i klostret er omskjering av gutebarn og slakting av offerdyr. Slaktinga foregår slik det står skrive i det gamle testamentet og likt det jødar no brukar, og som er heilt forbode i norske slakteri. Offerdyra kan vera eit lam, ei geit, ein okse, alt etter rikdomen til familien. Blodet blir berre brukt til merking av barnet og fadrar. Heimen til dåpsbarnet kan og få eit krossmerke. Med eit merke med blod frå offerlammet går Herrens straffande engel forbi i fylgje det gamle testamentet. Mesteparten av kjøtet blir gitt gjennom klostret til fattige.

Familien held att berre ein mindre del for eit rituell måltid. Slaktinga og blodmerkinga blir ledsaga av trommer og rituelle dansetrin og med høge gledesutbrot frå kvinnene. Let ein att augo ser ein at dette er uendra seremoniar heilt frå Moses si tid. Eg veit ikkje om det er skilnad på dyrefringa mellom kristne og muslimar. I trengsle ved dei store høgtidene kjem mange muslimske kvinner med borna sine og vil ha dei døypte. Då blir dei vennleg og bestemt avvist av presten fordi vilkåra for dåpen ikkje er oppfylt. Kravet til dåp i den koptiske kyrkja er troverdige fadrar, som tar imot påboda ved dåpen på vegne av borna. For vaksen dåp må ein fyrst ha gått i gjennom langvarig trusopplæring. Dette i kontrast til moderne kristne og muslimar. For å bli muslim treng ein berre godta dei 5 søylene i islam, det er 5 korte setningar. Den norske kyrkja krev og tilsynelatande berre 5 handlingar: At fadrane er einig i forsaking av Djevelen og godtek dei 3 trusartiklar og at ein av dei svarar ja ved døypefonten med barnet på armen



Frå dagane i klostret.

Eit koptisk kloster et eit lukka samfund som i periodar må greie seg sjølve. Difor må alle som søkte å bli munk og prest i kloster ha ein yrkesutdanning som det er bruk for. Klostret Mari Girgis har eit velutstyrt mekanisk verkstad med ein teknisk utdanna munk som leiar. Hospitalet har utstyr og eit stort apotek til å ta vare på akutt sjuke. Det hender alltid noko når det på ein gong kjem 10.000 pilegrimar i alle aldrar. Alle betalar etter evne og fattige slepp å betale. Kjøkkensjefen som ennå er novise har utdanning frå turisthotell i Kairo. Kosten var enkel men omsorgsfull laga og servert. Måltida åt eg saman med hjelpearbeidarane i klostret. Sellene og matsalen for munkar er berre for dei innvigde. Fyrste gudsteneste er kl 4 om morgonen. Og slik held det fram med ulike gudstenester fram til midnatt. I høgtidene er det nesten samanhengande. Det gjorde eit sterkt inntrykk å vera der nesten åleine morgonen. Slik er det halde gudsteneste i snart 2000 år, om sjølv om ingen kjem å høyre på. Liturgien på koptisk som ikkje vanlege folk forstår, ein kan samanlikna det med gamle katolske messer på latin. Men ein av kyrkjelyden dei kan bli bedt å lese eit bibelvers på arabisk som understreke innhaldet i teksten på den dagen. Det er stor forskjell på å vera turist eller pilegrim i eit kloster. Turisten går rundt og vil sjå så mykje han kan før han må fylgje reiseselskapet til eit hotell. Pilegrimen er ikkje så oppteken av den ytre stasen. Det er når klokke og tid ikkje styrer åtferda at ein kan få den indre ro eit kloster kan gi. Eg har vore som turist i andre kloster i Egypt og kjenner forskjellen. I Mari Girgis er det berre 2 munkar som kan engelsk, når dei ikkje er opptekne med kloster rutinar, arbeid og bøn, er det samtaler og forteljingar. Når eg går omkring i klostret er eg varsam og held avstand til personlege seremoniar. Også varsemd med foto og film. Eit unntak var det ved ein barnedåp der familien oppfordra meg å stå nær og filme.

Eg får avslutte min korte forteljing her og vonar at ingen turistbuss får lov å kome til Mari Girgis. Egyptare må få lov å finne sin sjelefred her i fred for nedlatande europeare. Og at ingen turist prøver å leige ein taxi dit.

Taxisjåføren gjer det nok for tidobbel takst, men samtidig vil han verne staden, og då er det heller ikkje mykje å sjå der for ein turist.



The Lord's Prayer in Arabic

No veit at lesarane set at med spørsmålet, Korleis torer han reise åleine dit. Desse bøkene har hjelpt meg: "Tempelriddaren" av Jan Guillou, "Medmennisker" av Unni Vikan og "I skyggen av Bysantz" av Dalrymple. Med kunnskap om kulturen i Midtausten går eg trygt åleine i gatene i Kairo midt på natta. Eg budde og ei veke i heime hos ein egyptisk familie. Dei var pinsevener. Familien på 6 og eg delte på 30 kadratmeter. Mange ting var uvant og alt var ikkje like enkelt. Hadde eg fortalt om familien uten forklaring, så ville mange ha sagt, typiske muslimar. Men der var hjerterom til tusen. Den arabiske skrifttavla viser Fadervor med fortale